

## Mitt møte med folkehøgskulen.

Av Sigrun Okkenhaug.

**G**ODE barndomsminne er gode vener å taka med ut i livet. Det er eit barndomsminne som har festa seg serleg klårt i hugen min; det er stova heime ei kveldsstund med måneljoset glitrande som ein sølvblank straum inn gjennom vindaugo. Mor gjekk med oss borna att og fram på golvet. Og song. Best minnest eg „Kirkeklokke ei til hovedstæder“, „Usalige hjerte, hvad feiler dig dog?“ og „Udrundne er de gamle dage“; men mange mange fleire av Grundtvig sine songar, av Kingo og Reitan, av Garborg, Blix og Sivle sine vart sunge den kvelden — og mange liknande kveldar. Det var ei gamall songbok heime, noko annleis format enn dei vanlege no — det var Foosnæs og Bentsen si. Den songboka sette dei høgt både far og mor, og den var brukt.

Då eg kom åt morbror min i feriane, fann eg att songboka der. Og eg fann att songen. Sat han og maksla med eitkvart, morbror, so song han attåt jamt og samt; gjekk han ute og stulla so fylgde songen 'om der og. Han sulla og trala, eller song. Og det var ikkje revyviser, det var ikkje „schlägere“ — det var Grundtvig sine songar, det var Kingo sine, det var Garborg og Sivle og Bjørnson sine. Og mange fleire. Men alle hadde dei si same rot i same syn og same kjensla — i det syn og i dei kjenslor som Wexelsen fann ord for med sitt „Kristendom og norskdom“. — Då eg vart gift møtte eg same songen hos verforeldra mine og i heimen der.

Desse som song åt meg i min barndom og ungdom og som lærte meg å syngja, dei er gamle no, men dei var millom

dei første høgskuleelevar her i Innherad eller var knytt til høgskulen på eit eller anna vis og hadde fått sin dâm av den ând som rådde der. Dei hadde fått songen med seg, dei hadde teke den med seg inn i livet sitt vidare — og dei gav til oss som seinare vaks upp. For min eigen deil veit eg ingen ting eg vil takka folkehøgskulen for slik som for songen og for alt det fine og ljose som fylgjer den.

Eg var i eit stort lag ein gong. Der var mest høgskulefolk samla, d. v. s. gamle og unge bønder, men der var og nokre få „konditionerte“ av dei som frå gamalt har meint dei sat inne med all daning og kultur, og mykje godt med retten til daninga med. Som det gjerne plar gå der høgskulefolk samlast, vart det sunge mykje. Song etter song tona fram, og folk kunde songane sine. Der var både høgtid og hugnad over laget, og der var verkeleg høg kultur i ordet si beste tyding. Ei av dei „konditionerte“ sa: Dette var vakkert. Enn so mange fine songar dei kan — kvar har dei lært dei?

Ja, kor hadde dei lært dei? I heim og i skule, dei hadde vakse upp med songen; men tok ein til å røkja etter, vilde ein nok finna røtene i høgskulen og den rørsla som bar den fram.

Ibsen segjer i prestens tale i Per Gynt: „For ham lød meningsløst som bjelders klingen de ord der malmfuldt skulde hjerter nå. Folk, fædreland, det lysende, det høie stod stedse skjult i tåger for hans øie.“

Eg kjenner ein høgskulemann — han er gamal no — men han song. Og han syng enno. Den songen han serskild hadde lagt sin eisk på var „Jeg vil værge mitt land“ og då helst dette verset:

Denne bostavn er vor, / og vi elsker den for,  
hvad den var, hvad den er, hvad den bliver igjen.

Og som kjærlighet gror / av den hjemlige jord,  
skal den gro av vor kjærlighets frøkorn igjen.

Dei kjenslor som dette verset gjev ord for, har høgskulen vore med og eiska fram. Kjenstone var der vei ior og, men mykje godt låg dei „slørt i tåger for hans øie“; og „meningsløst som bjelders klingen“ lydde mykje godt dei ord „som

malmfuldt skulde hjerter nå“. Høgskulen kom som eit friskt ver og bles vekk skodda; med vaksne augo og med varme og vakne kjenslor tok folk til å syngja um heimen og fædrelandet. Dei fann orda og tonen som „skulde hjerter nå“.

„*Kristendom, og norskdøm*“ vart ikkje ord berre, ikkje „bjelders meningsløse klingen“; nei, dei vart livsens djupe meining, og dei nådde fram til unge varme hjarto. Dei fekk augo til å lysa og dei sprengde songen fram.

Og det vil eg innerleg vona, at denne songen og desse kjenslone alltid må fylgja folkehøgskulen framover tida — ti signing for folk og land.

*Sigrun Okkenhaug.*

---